ja, man er ansatt for å bringe fram ny kunnskap. Men først skal man bare gjøre alt det andre man også forventes å gjøre. Undervisningen, veiledningen, søknadene, seminarene, reise-regningene, komitéarbeidet, doktorgradsopposisjonen. Kanskje også jobbsøknaden, i håp om omsider å få en fast forskerjobb. For først skal alle de andre ha sitt. Studentene, stipendiatene, kollegaene, administrasjonen, Forskningsrådet og statsråden. Ja, og familien.

Og så, i de timene som måtte være igjen av døgnet, har man tid til å forske.

Da har det gjerne blitt kveld, helg eller til og med ferie. Er man heldig, klarer man da å glemme tiden for en liten stund.

– Vi har hytte ved sjøen, og jeg har alltid med meg mac-en min. Det betyr selvfølgelig ikke at jeg sitter og jobber hele dagen. Jeg har stor familie og tilbringer mye tid sammen med dem også. Og det er ofte i skrivepausene at jeg får en distanse til det jeg nettopp har jobbet med. Jeg kan la det synke ned i kroppen, la det rulle rundt litt der, og så tenke nye tanker, sier Lilleaas.

Med en fjern mine

Også Truls Wyller, professor i filosofi ved NTNU, har gitt ut en bok om tid. Han snakker varmt om stille lørdager på kontoret sitt på Dragvoll, om hvordan han da kan jobbe uforstyrret av kollegaer og familie.

– Om man trenger en pause i arbeidet, sur-

fer man litt på nettet, går på pauserommet og lager seg en kaffe, eller går ned i kaféen og kjøper et rundstykke. Og alt dette kan man gjøre med en litt fjern mine mens ting surrer og går i hodet på en usystematisk måte. Jeg kan få gjort mye i løpet av en slik dag. Jeg får et lite fristed for en stund.

Wyller tror at det å få lov til å bli litt fjern for andre presserende ting ellers er nødvendig om man skal holde på og tenke nye tanker.

– For mange kjente forskere har det betydd at de har blitt ganske distré og fjerne overfor sine nærmeste, og det er selvfølgelig ikke så bra. Ikke tror jeg det er nødvendig heller. Hvis man har noen sammenhengende, avgrensede perioder å være distré i, tror jeg faktisk man kan bli mer nærværende ellers i livet. Det blir færre ufordøyde tanker å ta med hjem fra jobben.

Ute av verden

Hvis man altså må gå hjem. Moe peker på hvordan akademikere lenge har hatt behov for en viss form for avsondrethet fra omverdenen. Han minner om hvordan de første universitetene vokste fram nærmest som egne, små samfunn, uavhengig av verden for øvrig.

– Tenk bare på Oxford og Cambridge, to svært forskningsorienterte universiteter. De ligger på mange måter skjermet fra resten av samfunnet, og man kan tilbringe de fleste av døgnets 24 timer der.

Ikke at det nødvendigvis skal være et mål eller en norm, understreker Moe.

– Men det er en interessant referanse når vi diskuterer hvor tett vitenskapen skal være koblet til samfunnet.

Det er da tydeligvis heller ikke på kontoret fra mandag til fredag de tenker best, forskerne, i alle fall om man skal dømme etter hva de svarer i Forskerforums faste spalte «10 kjappe». Nei, det er når de går tur med bikkja, padler kajakk, hogger ved eller sitter og funderer over livet på kveldstid, at brikker faller på plass og nye innsikter åpenbarer seg. Så var det da også på vei ned i badekaret at den greske vitenskapsmannen Arkimedes fant loven for legemers oppdrift i væsker og utbrøt et begeistret: Heureka!

– Folk lager seg individuelle strategier for å



TRULS WYLLER
Hva er tid?
Universitetsforlaget,
2010



ULLA-BRITT LILLEAAS
& KARIN WIDERBERG
Trøtthetens tid
Pax forlag, 2001



SVERRE MOE
*Tid – en sosial
konstruksjon?*
Abstrakt forlag, 2010

– Du kan alltid gjøre det bedre.
Derfor må du lære deg å sette
punktum, sier Ulla-Britt Lilleaas.
(Foto: Erik Norrud)





– Du kan ikke plote inn at du skal tenke nye tanker mellom 11 og 12, sier Truls Wyller. (Foto: Ole Morten Melgård)

finne roen. Jeg har sørget for å få meg kontor langt borti en krok der jeg kan sitte ganske uforstyrret. Andre sitter hjemme og jobber.

To ulike tidssystemer

I boken sin om tid skriver Moe blant annet om hvordan tiden har utviklet seg fra å være integrert i all menneskelig handling og opplevelse til å bli en kraft i seg selv. Tiden går fra å være noe konkret og sanselig – soloppgang, innhøsting, fullmåne – til å bli noe abstrakt og utvendig. Tiden får en selvstendig mening, som klokke- og kalendertid. Og plutselig blir den målbar. Timene kan telles, fordeles og forvaltes, også timene til forskning.

– På de gamle universitetene visste de ikke hva frister var for noe. Der bare holdt de på

og ble ferdige når de var ferdige. Det å koble vitenskap til klokken eller kalenderen er i seg selv problematisk. For hvor lang tid tok det egentlig å finne opp hjulet? På den ene siden tok det sikkert bare fem minutter. På den andre siden tok det antakelig 500 år. At hjulet skulle få en så stor samfunnsmessig betydning, var det uansett ingen som kunne vite der og da.

Forskning har i det hele tatt en litt annen tidsregning enn annet arbeid, mener han.

– Vitenskap og utdanning utgjør to ulike tidssystemer som til en viss grad kolliderer. Utdanning kan defineres i tid på en helt annen måte enn vitenskap. Et kurs tar ett semester, et studium tar tre år. Men vitenskap er egentlig et kjempeprosjekt som går over mange hundre år.

Jeg har Aristoteles' skrifter liggende på nattbordet og er som forsker ennå i dialog med ham, enda det er 2500 år siden han levde.

Nye runder med gamle tanker

Også Wyller mener det må få finnes en annen måte å tenke om tid på, og dermed om resultater av forskning, spesielt innenfor samfunnsvitenskapene og humaniora.

– Forskningscenteret CERN i Sveits kan sende ut en pressemelding om at i dag har vi oppdaget det eller det, og slik oppnå beundring blant verdens fysikere. Sånn er det ikke innenfor filosofien. Vi kan ikke sende ut en pressemelding om at vi nå har oppdaget at Kants moralfilosofi er riktig.

– Så det er mulig å etablere et «før» og et «nå» innenfor naturvitenskapene, men i mindre grad innenfor samfunnsvitenskapene og humaniora?

– Ja, man kan ikke på samme måte si at man har en stadig progresjon av bare utvidet kunnskap. Refleksjonen rundt gamle problemstillinger må på et vis stadig startes på nytt hos oss. Innenfor naturvitenskapene er det lettere å peke på konkrete resultater. Og der kommer vi til kort, i et forskningsklima der det å dokumentere forskningsresultater blir stadig viktigere.

Wyller synes derfor ikke det er så rart at nettstedet forskning.no fikk problemer med å finne

– Det krever avstand i tid å kunne vurdere hva som er godt nok til at det blir stående. TRULS WYLLER, NTNU.

– Hvor lang tid tok det egentlig å finne opp hjulet?

SVERRE MOE, Universitetet i Stavanger

noen som kunne peke ut de gode forskningsresultatene innenfor humanistiske fag i 2011.

– Det krever avstand i tid å kunne vurdere hva som er godt nok til at det blir stående. Kåringer og komiteer som skal vurdere slike resultater her og nå, oppkaster seg til en slags overdommer over samtiden. Først når en viss tid har gått og man har fått det hele litt på avstand, får man det nødvendige utenfraperspektivet på resultatene innenfor disse fagene.

Alle skriver, få leser

Tiden har blitt en felles praksis, skriver Wyller i boken sin, der vi – enten vi vil eller ei – må synkronisere våre gjøremål med andres.

– En av utfordringene i dagens akademier er kanskje at man i større grad enn før må tilpasse seg andres timeplaner?

– Ja, det tror jeg kan stemme. Folk må i større grad delta på konferanser, møter og drive reisevirksomhet, og det oppmuntres til fellesprosjekter. En fare ved denne økte synkroniseringen kan bli mer mainstreamforskning, der man samler folk til et allerede ferdig definert prosjekt og siden jobber kollektivt med det innenfor strenge frister. Hva det vil føre til på sikt, er vanskelig å si, men jeg tenker jo at noe forskning nok fortsatt må få utvikles i enerom over lang tid.

Moe mener at det rent kvantitetsmessig aldri har vært forsket så mye som nå.

– Det publiseres i alle fall veldig mye, men få har dessverre tid til å lese. Rent forskningsmessig synes jeg nok dette publiseringspresset innebærer et relativt kortsiktig perspektiv på det som blir gjort. Det teoretiske arbeidet, arbeidet med grunnleggende begreper, blir svekket til fordel for rent empiriske beskrivelser, som ofte kan få preg av å være mer utredninger enn grunnforskning. Og det skader forskningen, ettersom det er gjennom begrepsutvikling vitenskapen utvikler seg, og slikt arbeid krever tid.

Den flokete forskningen

Gi oss mer sammenhengende tid til forskning, sukker et flertall av de intervjuede forskerne i tidsbruksundersøkelsen fra Afi. De lengter etter «ren» tid, og også «ekte» tid, tid uten forstyrrelser og avbrudd.

Moe ønsker likevel ikke å sette undervisning og forskning opp mot hverandre.

– Mange av oss trives jo med å undervise, og ofte er undervisningen lettere å håndtere. Derfor ender man gjerne opp med en vanlig byråkratisk logikk, der man først griper til det man har rutine på, mens slike ting som forskning dyttes bakover på prioriteringslisten. For forskning handler ofte om å gå løs på de litt mer kinkige delene, det å måtte rive og slite i det som er flokete og rotete. Da blir det lett til at man heller tar fatt

på de enklere og mer definerte oppgavene først.

Hvor lang den sammenhengende tiden må være, varierer imidlertid sterkt blant de spurte i Afi-undersøkelsen. For noen er en ettermiddag nok, for andre må det et helt semester til. Ulla-Britt Lilleaas higer selv ikke etter altfor mye «tidløs» tid.

– En uke eller to i semesteret der jeg bare kan skrive, fungerer bra for meg. Noe mer enn det tror jeg hadde opplevdes for ambisiøst. Det hadde blitt lammende på et vis.

Samarbeid gir progresjon

Forskning er da også mye mer enn bare å skrive, påpeker hun.

– Du skal innhente empiri, gjøre feltarbeid og ordne en masse praktiske detaljer. Dessuten jobber jeg hele tiden med flere prosjekter parallelt, så det å skulle prioritere ett av dem over en lengre periode hadde nok ikke alltid fungert. Samtidig ser jeg at det er vanskelig å finne skjermet tid i hverdagen, der jeg får satt meg ned og konsentrert meg ordentlig.

Det å skrive sammen med andre gjør det imidlertid lettere å lage rom for forskning i det daglige.

– En bok jeg skriver alene, blir lett et litt enstøt arbeid og dermed mer krevende. Dessuten krever et bokprosjekt 2–3 måneders skriveid. Om man skriver sammen med andre, er det lettere å få en progresjon gjennom jobbmøter man har. Dessuten behøver man ikke skrive alt selv da.

En bok som er resultatet av et fellesprosjekt, er altså *Trøtthetens tid*, som Lilleaas skrev sammen med Karin Widerberg. Den handler om hvordan man ser på tid og arbeid i det moderne. Her skriver de blant annet om hvordan det å utnytte tiden har blitt viktigere enn å utnytte hendelsen. Tidligere «satte man tiden ut av spill» og lot seg rive med av begivenhetene ettersom det var de prosessene og de hendelsene menneskene opplevde, som «satte i gang tiden», og ikke omvendt. I dag er det tiden som styrer oss, og ikke vi som styrer den.

Når det løsner

– Døgnet har bare tjuefire timer, og da må man prioritere hardt. Og så må man se at folk jobber forskjellig. For noen hadde det sikkert fungert å forske mellom klokken 8 og klokken 16. Jeg kjenner dem som tenker ut hva de skal skrive, og så setter de seg ned foran pc-n og bare skriver. Sånn er ikke jeg. Jeg må skrive ned noen punkter, og så må kroppen få jobbe videre med dem. Følelsen av at det løsner, når fingrene begynner å gå over tastaturet, men likevel ikke holder følge med det som skjer i hjernen – ja, det er en god følelse, sier Lilleaas. ■

Hva er din verste tidstyv?



SILJE GAUPSETH
Stipendiat, engelsk litteratur, Universitetet i Tromsø

– Det er sosiale medier, innkommende e-post og surfing ellers på nettet.

Jeg vet jeg burde la være, men det er så fristende...



HANS OLE ØRKA
Forsker, Institutt for naturforvaltning, Universitetet for miljø- og biovitenskap

– Det er alle de små hendelsene og avbruddene som tar fokus bort fra forskningen. Det er stort sett bare snakk om småting, men de krever likevel tid.



JORUNN ØKLAND
Senterleder og professor i tverrfaglig humanistisk kjønnsforskning, Universitetet i Oslo

– Alle overgangene mellom de ulike oppgavene jeg har, stjeler mye tid. Hadde det vært færre av disse oppgavene, hadde jeg brukt mindre tid på å omstille meg fra det ene til det andre.



FOTO: ELISABETH TØNNESSEN

– Universitetene bør bli flinkere til å bremse publiseringspresset fra politisk hold, mener Sverre Moe ved Universitetet i Stavanger.



KINA

Evaluerer utenlandske universitet

■ Kinesiske myndigheter skal evaluere alle samarbeidsavtaler med utenlandske utdanningsinstitusjoner som den siste tiden er blitt etablert i landet. Ifølge diplomater i Beijing, som uttaler seg anonymt til University World News, vil kinesiske myndigheter bruke evalueringen til å sikre nasjonale interesser i større grad. Per i dag tilbys det rundt 1200 utdanningsprogram i Kina i samarbeid med utenlandske læresteder, men det kunne vært langt flere. 70 prosent av søknadene om å etablere utdanningsprogrammer i Kina blir avslått.

USA

Dramatiske kutt


■ Den statlige støtten til amerikanske universiteter er kuttet dramatisk de siste årene. Ved University of Washington har halvparten av statsstøtten forsvunnet med det resultat at færre lokale studenter får tilbud om studieplass. I stedet går stadig flere studieplasser til dyrt betalende utenlandske studenter. I år er 18 prosent av de nye studentene fra utlandet, hovedsakelig Kina. Fordelen er at den høye andelen internasjonale studenter, som betaler tre ganger så mye i studieavgift, bidrar til å gi gratisplasser til lokale studenter fra lavinntektsfamilier.



UNGARN

Forbyr utvandring

■ Ungarske studenter har tatt til gatene for å demonstrere mot omfattende budsjettkutt og en bemerkelsesverdig ny lov, skriver University World News. Den nye loven innebærer at ungarske studenter ikke får lov til å jobbe fritt i utlandet etter endt studium. I løpet av de første 20 årene etter studiene, forplikter studenter som mottar studiestøtte fra staten, seg til å jobbe i hjemlandet tilsvarende det dobbelte av tiden man bruker på studiene. Loven skal hindre hjerneflukt fra landet, men fordømmes av Den europeiske studentunionen, som ber EU gripe inn.



DANMARK

Doktorgrad lønner seg

■ Doktorgradsutdannede i det private tjener bedre enn andre med lang utdanning, viser en ny dansk rapport, ifølge Ministeriet for forskning, innovation og videregående utdanning. I gjennomsnitt tjener de med doktorgrad 10 prosent mer enn andre med lang utdanning. Samtidig har store bedrifter med minst én doktorgradsutdannet ansatt i gjennomsnitt 30 prosent høyere arbeidsproduktivitet. For små bedrifter er produktiviteten 11 prosent høyere. Det er et klart signal om at det lønner seg å utdanne seg, og samtidig styrker det inntrykket av at det er en god investering å ansette høyt utdannede, mener utdanningsminister Morten Østergaard.

SØR-AFRIKA


Frykter dyrere universiteter

■ Sørafrikanske universiteter er i dyp økonomisk krise på grunn av manglende statsstøtte over flere år, mener universitetsorganet Higher Education South Africa. Universitetene frykter at studieavgiftene må skrus ytterligere opp, noe som møter stor motstand blant studentene, skriver avisa The Sowetan. Den seneste tiden har flere universiteter i landet vært lammet av studentprotester mot allerede høye studieavgifter.

USA

Mot nye høyder

■ Amerikanske universiteter samler inn private donasjoner som aldri før, melder The Chronicle of Higher Education. Stanford universitet rapporterte i februar at de har samlet inn enn rekordsum tilsvarende 36 milliarder kroner de siste fem årene. Totalt opplever sektoren en vekst i donasjoner på 8,6 prosent i 2011, men 86 prosent av pengene går til kun 25 prosent av institusjonene. I 2011 var Stanford på innsamlingstoppen med 4,1 milliarder kroner i private donasjoner, etterfulgt av Harvard med 3,7 milliarder, Yale med 3,4 milliarder, MIT med 3,1 milliarder og John Hopkins University med 2,8 milliarder.



DANMARK

Truer professor med oppsigelse



■ Den tyske musikkprofessoren Linda Koldau ved Aarhus universitet trues med å få sparken etter at hun offentlig har gått ut og kritisert universitetet, skriver Information. I fjor sommer kritiserte Koldau musikkfaget ved universitetet og har nå mottatt en formell advarsel, som er siste skritt før en avskjedigelse. Advarselen innebærer en rekke krav – blant annet at professoren får møteplikt på universitetet og må be instituttleder om lov til å gå hvis hun har gjøremål utenfor universitetet. Dansk Magisterforening kritiserer behandlingen, og selv mener Koldau at hennes ytringsfrihet knebles.



STORBRITANNIA

– Tvinges til kommersialisering

■ En stor andel britiske forskere føler seg tvunget til å kommersialisere forskningsresultatene sine. Det kommer frem i en ny skotsk doktorgradsavhandling, skriver Times Higher Education. I studien oppgir rundt 40 prosent av forskerne som samarbeider med næringslivet om å kommersialisere forskningen sin, at de føler seg tvunget. Samtidig viser en EU-studie at rundt 40 prosent av europeiske forskere samarbeider med næringslivet i utstrakt grad. Ifølge den skotske studien opplever eldre forskere større problemer med å samarbeide med næringslivet enn de yngre.



DANMARK

Ønsker hjerneflukt

■ Det danske legemiddelselskapet Novo Nordisks fond kaster seg inn i hjerneekampen. Novo Nordisk Fonden, som primært støtter medisinsk forskning, vil frem mot 2014 nesten doble de årlige utbetalingene fra 450 til tilsvarende 890 millioner norske kroner. Midlene går til dansk og nordisk forskning og skal bidra til heve Danmarks ry som forskningsnasjon. – Ambisjonen er å tiltrekke utenlandske toppforskere ved å tilby dem langsiktige muligheter og finansiering de ikke kan få andre steder, sier fondets administrerende direktør Birgitte Nauntofte til Business.dk.



JAPAN

Kavli åpner dører

■ Japanske universiteter har lenge hatt problemer med å tiltrekke seg private donasjoner, men endring er på vei, skriver Nature. I februar offentliggjorde Universitetet i Tokyo (bildet) at et institutt for første gang i Japans historie skal oppkalles etter en utenlandsk giver. Mannen bak er ingen ringere enn den norsk-amerikanske Fred Kavli, og instituttet skal hete Kavli Institute for the Physics and Mathematics of the Universe. Japansk lovgivning har stått i veien for donasjonen, fordi universiteter ikke får lov til å risikere penger i aksjefond. Derfor skal Kavlifondet forvalte pengene og donere en sum hvert år.



DET ER NOKO SOM GÅR

REBECCA COX I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL
FOTO: PAUL SIGVE AMUNDSEN

Berre influensa? Å nei, du. Alvoret sig inn medan Rebecca Cox¹ viser meg vegen til kontoret sitt på Haukeland i Bergen. Skilt på låste dører gjev dystre hint om infeksjon og død. Leiaren for Influenzasenteret² har kontor på Gades institutt ved Universitetet i Bergen. Gades er mest kjent for patologi. Lokaliseringa er dels tilfeldig, men òg ein peikepinn om at influensa kan vere dødsens alvorleg. For Cox har det blitt eit yrkesliv.

– Eg kjem neppe til å bli arbeidsledig. Influensavirus er alltid i ending. Eg veit ikkje kva fagfelt som kunne vere meir interessant for meg, seier Cox.

Ho kjem frå Kings Langley utanfor London, snakkar flytande vestnorsk med engelsk aksent, og har levd med influensa i over 20 år. Cox kom til Bergen som ung student frå London i 1991, og vart tidleg knytt til Influenzasenteret.

– Dette var ein veldig bra stad for meg. Lars Haaheim, som var direktør her, var ein berømt influensaforskar, og det var influensa eg studerte. Fagmiljøet her heldt veldig høgt nivå, sjølv om det ikkje var stort.

Influenzasenteret er framleis bitte lite, med ti forskarar og studentar på det meste. I Noreg er det mastodonten Folkehelseinstituttet som driv med overvaking av influensaepidemiar og gjev råd til styresmaktene. Influenzasenteret har langt meir spesialiserte oppgåver.

– Vi er ikkje mange, men vi er respekterte internasjonalt for arbeidet vårt med vaksineutvikling og forskning på immunsvær. Vi blir òg brukte som rådgjevarar for Verdhelseorganisasjonen og EU.

– *Det overraskar meg at de arbeider med å utvikle vaksinar. Eg trudde ein trong eit halvt statsbudsjett for å drive med slikt?*

– Vaksineutvikling er ikkje noko vi kunne gjort aleine. Men vi samarbeider med mange partnarar internasjonalt, både akademiske institusjonar, helseinstitusjonar og store farmasiselskap. Slik har vi klart å få nye vaksinar frå idé fram til klinisk utprøving. Kompetansen vår er ettertrakta, difor får vi vere med på store, internasjonale prosjekt.

– *Kor raskt kan ein lage vaksine mot eit nytt influensavirus?*

– Om vi tek svineinfluensaen i 2009 som døme, vart viruset først

isolert 15. april. Den første vaksinen var lisensert og klar til bruk 29. september. Å klare det på fem–seks månader er veldig bra. Fagfeltet til Cox har vakse i ekspressfart dei siste 15 åra. Nokre mystiske dødsfall i Hong Kong i 1997 fekk enorme konsekvensar for influensaforskninga.

– 18 personar vart sjuke med fugleinfluensa i Hong Kong, og seks av dei døydde. Det var ein *wakeup call*. Ingen hadde visst at menneske kunne bli smitta av fugleinfluensa. Fagfolka vart enda meir urolege da dei prøvde å lage vaksine og fann ut at dei vanlege metodane ikkje verka. Vi måtte finne betre metodar, nye vaksinar og nye forsterkings-

middel. Til no er kring 580 tilfelle av fugleinfluensa stadfesta, og 59 prosent av dei smitta døydde av sjukdomen. Det har fått styresmakter rundt i verda til å innsjå at dei må bu seg på ein alvorleg pandemi³.

Den store faren oppstår om eit virus så dødeleg som fugleinfluensaen endrar seg så det kan smitte mellom menneske. Heldigvis har ikkje dette skjedd enno.

Det finst enno ikkje noko sikkert system for å knekkje koden til nye virus, fortel Cox.

– Eigentleg er det framleis mykje prøving og feiling, ut frå det vi veit har fungert på andre virus før. Vi har modellsystem som kan gje ein viss ide om kva som kan verke, og skjønner litt meir av korleis virusa fungerer, men det er veldig mykje vi ikkje veit. Vi har brukt aluminiumhydroksid som forsterkingsmiddel i vaksinar i sikkert femti år, men først no byrjar vi å forstå korleis det fungerer.

Dei menneskelege mottiltaka mot influensavirus vil alltid vere på etterskot. Men det finst ein verdsomspennande forsvarsstruktur som involverer alt frå allmennlegar i Indonesia til gigantane i farmasiindustrien – og Influenzasenteret i Bergen. I Noreg er det over 200 legar som sender inn virusprøver til Folkehelseinstituttet, som i sin tur sender inn dei mest interessante stammene til Verdhelseorganisasjonen (WHO). WHO er ein slags kommandosentral, forklarar Cox.


– Det er WHO som styrer overvakinga av influensaepidemiar og avgjer kva virusstammar ein skal lage vaksinar mot. Kampen mot influensa kan kallast ein dugnad. Mange fagmiljø, også vårt, bidreg i utviklinga av nye vaksinar. Men sjølve produksjonen av vaksinane er det farmasiselskapa som står for.

– *Men ein dugnad er ikkje noko ein tener pengar på. I denne dugnaden legg først helseinstitusjonar og offentleg tilsette forskarar mykje av grunnlaget.*

1 Rebecca Cox er professor i medisinsk virologi og har vore leiari for Influenzasenteret ved Gades institutt på Universitetet i Bergen sidan 2008. Ho er fødd i 1968.

2 Influenzasenteret vart etablert av WHO i Bergen i 1982, med Lars Haaheim som direktør. I byrjinga arbeidde senteret med epidemiologi. I dag er hovudverksemda utvikling og evaluering av vaksinar mot influensa. Drifta er finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og Universitetet i Bergen, og får òg tilskot frå EU, Forskringsrådet og Helsedirektoratet.

3 Ein pandemi er ein epidemi som spreier seg over heile verda. Tre kjende influensapandemiar er spanskesjuka frå 1918–20, asiasjuka i 1957–58 og hongkongsjuka i 1968–1970.



Ved Influenzasenteret arbeider Rebecca Cox med å utvikle og teste nye influensavaksinar, ein del av den globale kampen mot nye, lumske virus.

Deretter er det big business som tek over og tener enorme summar⁴.

– Det kan du seie. Men eg synest farmasiselskapa tek ansvaret sitt alvorleg. Dei investerer veldig store beløp for å få til vaksinar, og vi er heilt avhengige av dei. Forskarar som meg kan utvikle ein vaksine fram til preklinisk utprøving. Men dei offentlege forskingsinstitusjonane klarer ikkje å framstille nye, sikre vaksinar i store mengder og få dei ut til publikum fort og effektivt. Vi har ikkje ressursane. Apparatet som skal til for å kvalitetssikre ein medisin og få han ut til marknaden, er så enormt, seier Cox.

Ho meiner det er eit større problem at fattige land ikkje har råd til nok vaksinar i tilfelle ein alvorleg pandemi.

– Det er eit moralsk ansvar å sikre at medisinar er tilgjengelege for alle i verda. Rike land burde donert meir til vaksinar i fattige land gjennom WHO.

– Men i vitskapen skal ein dele kunnskap for å utvikle han vidare. Om kunnskapen om vaksineproduksjon var open, kunne vaksinar utviklast raskare?

– I prinsippet kunne det vere betre om meir av forskinga var tilgjengeleg for alle. Men farmasiselskapa har faktisk publisert ein del om vaksineutviklinga si. Problemet er at kvar vaksineprodusent eig rettane til å bruke særskilde framstillingsmetodar og forsterkingsmiddel i vaksi-

neproduksjonen. Dette skapar òg vanskar med å få til vaksineproduksjon i den tredje verda.

For journalistar er krisemaksimering ein viktig del av jobben. Og no er tida komen til å spørje om det eg eigentleg lurar mest på:

– *Influenzavirus muterer konstant. Før eller sidan vil det kome ein variant som trugar menneskeætta på alvor. Har vi ein sjanse på sikt?*

– Klart vi har ein sjanse!

Cox smiler. Ho har visst eit lyst sinn, trass i eller på grunn av yrket sitt.

– Vi har mykje å forsvare oss med. Vi har antiviralmiddel, vi veit at god hygiene hjelper, men det absolutt viktigaste er at vi kan lage vaksinar. Vi er mykje betre rusta i dag enn vi var for berre ti år sidan, og eg trur at vi kan få bukt med også ein alvorleg pandemi.

– *Men virusa har vore på jorda mykje lenger enn oss, dei er tolmodige og kreative?*

– Ja, men det er mange som jobbar med å utvikle vaksinar som verkar mot fleire ulike typar influensa. Om vi klarer å framstille vaksinar som kan brukast mot svineinfluensa, fugleinfluensa og vanleg influensa, har vi eit godt utgangspunkt.

Den verste influensapandemien i moderne tid var spanskesjuka i 1918, som tok kanskje 40 millionar liv. Eit slikt virus ville vere meir handterleg i dag, meiner Cox.

– Spanskesjuka hadde høg dødelegheit, mykje fordi så mange fekk lungebetennelse. Men om vi får utvikla medisinar og vaksine fort nok, er vi i dag mykje betre rusta enn i 1918. Den gongen hadde dei ikkje antibiotika mot sekundære infeksjonar, mange var underernærte, og hygien var dårlegare, seier Cox.

⁴ Blant selskapa som konkurrerte om å kome først med svineinfluensavaksinen, var Novartis, Sanofi-Aventis, GlaxoSmithKline, CSL og AstraZeneca. Det er ukjent kor mykje industrien tente på vaksinane sine, men sommaren 2009 hevda Financial Times at det var bestilt vaksinar for kring 25 milliardar kroner. Noreg åleine kjøpte inn Pandemix-vaksine for kring 400 millionar kroner.



– Svineinfluensaen viste seg å være ganske mild, men tiltaka var planlagde for å møte noko mykje verre.

– Om vi derimot får ein fugleinfluensapandemi med 59 prosent dødelighet, blir det verre. Samtidig skal det seiast at det prosenttalet gjeld dei som vart stadfesta smitta av fugleinfluensa. Vi veit jo ikkje sikkert kor mange som faktisk hadde infeksjonen og overlevde.

Denne vinteren er det ikkje dei naturlege influensavirusa som har skremt folk. To separate forskarteam, i Nederland og USA, har klart å lage variantar av fugleinfluensa som kan smitte mellom pattedyr. I Rotterdam-studien fekk forskarane viruset til å smitte mellom ilderar, og det var svært dødeleg. I USA har det statlege rådet for biologisk tryggleik tilrådd at forskarane ikkje publiserer artiklar om framstillinga av viruset, av frykt for at terroristar skal bruke det som våpen. Science og Nature har halde att publiseringa av studiane. 20. januar vart det erklært eit to månaders moratorium på forskninga, og WHO har i skrivande stund ikkje avgjort korleis dei skal handtere saka.

– Kor farlege og kor nyttige er desse forsøka?

– Eg meiner nytten er større enn faren. Desse forsøka har vist oss at viruset kan mutere så det smittar mellom pattedyr, og det er ei alvorleg åtvaring. Naturen er det største eksperimentet vi har, og det er sannsynleg at det kan kome ein variant av fugleinfluensa som smittar mellom menneske, seier Cox.

– Dette er ikkje ein type studiar vi ville gjort her på senteret. Men når desse studiane først er gjorde, synest eg ikkje at dei skal bli sensurerte. Dei bør brukast til å forbetre overvakinga og teste ut vaksinar.

Cox understrekar at det er livsviktig at desse virusa blir godt sikra.

– Eg er ikkje så uroleg for at dette skal brukast av terroristar. Influensa er ikkje eit våpen du kan ha kontroll på. Dessutan vart den nederlandske studien lagd fram på ein influensakongress i fjor der vi var over tusen deltakarar. Han er på mange måtar offentleg allereie. Men dei to laboratoria har eit stort etisk ansvar for å sikre at virusa ikkje slepp ut.

Rebecca Cox er ingen tilhengjar av å sensurere vitenskap, heller ikkje den potensielt farlege.

– Kven skal avgjere kva som skal sensurerast, og korleis skal dei avgjere det? Forsking er fridom, det er undersøking og deling av kunnskap så verda går framover. Om vi skal sensurere desse forsøka, kva blir det neste?

Vi snur perspektivet 180 grader: Kva med faren for å rope ulv og bruke kolossale summar på influensavaksine når det kanskje ikkje er naudsynt? WHO fekk mykje kritikk for å ha overdrive trugsmålet frå svineinfluensaen i 2009. Wolfgang Wodarg, formannen for helsekomiteen til Europarådet, kalla det «ein av hundreårets største helseskandalar».

– Overdramatiserte WHO situasjonen?

– Det er veldig lett å vere etterpåklok. WHO følgde planane sine for ein alvorleg influensapandemi. Eg synest dei gjorde ein god jobb under omstenda, for dei kunne ikkje vite kor alvorleg det skulle bli. Det vi har lært, er at vi treng fleire ulike nivå i pandemiplanane. Svineinfluensaen viste seg å vere ganske mild, men tiltaka var planlagde for å møte noko mykje verre, seier Cox.

– Samtidig kan vi takke vaksinane og antiviralmedisinane for at ikkje fleire døydde. I Noreg var det 31 yngre menneske som døydde av svineinfluensaen. Det er mange tapte liv.

Media bør ta sin del av skulda for at faren med svineinfluensaen vart overdriven, meiner Cox.

– Det var mykje oppblåsinga i media som gjorde folk redde. Det er viktig at både styresmakter og media har ei nøktern og presis framstilling i slike saker.

– Men åtvaringa frå WHO om svineinfluensaen var svært tydeleg?

– Ja, dei såg for seg ein svært alvorleg pandemi i starten. Og planane er berre så gode som kunnskapen ein har der og da.

– Her i Noreg konkluderte Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap med at styresmaktene i Noreg hadde overdrive faren med svineinfluensaen. Og forgjengaren din ved Influenzasenteret, Lars Haaheim, meinte at WHO hadde skremt verda unødig mykje⁵.

– Vel, det er ulike oppfatningar av situasjonen. Eg trur både styresmaktene og WHO gjorde ein så bra jobb som dei kunne. Men kanskje hadde dei ikkje gode nok medierådgjeverar.

– WHO må ta nokre vanskelege avgjerder. Det er ei enormt apparat dei set i gang når dei seier «pandemi».

– Ja, og WHO har nok tenkt mykje på korleis dei skal handtere neste pandemi. Det er ikkje eit spørsmål om han kjem, det er berre eit spørsmål om når. Men ingen veit kor alvorleg han blir. Og eg veit ikkje kor mykje ein oppnår ved å vere så veldig kritisk i ettertid. Er det ikkje betre å ta ein fagleg diskusjon om kva ein kan gjere betre?

– Vitenskapen handlar vel om å vere kritisk?

– Ja. Men kanskje ikkje i media, seier Cox og ler. – Hausten 2009 kunne kanskje WHO ha nedjustert prediksjonen for svineinfluensaen. Men influensasessongen stod for døra, og virus kan endre seg undervegs. Kva ville skjedd om vi ikkje hadde nok antiviralmedisiner og vaksiner? Om vi hadde fått mange unødige dødsfall, ville truleg kritikken vore mykje hardare, seier Rebecca Cox, og kjem med ein tørr, manande punchline:

– Vi har inga kontrollgruppe i det store eksperimentet. ■

Per Anders Todal er frilansar i Forskerforum og fast journalist i Dag og Tid.

5 – Hvis det kommer en alvorlig pandemi, er jeg redd for at det ikke finnes store nok bokstaver igjen, sa Haaheim til NRK i august 2009. Han kalla svineinfluensaen for ein «filleinfluensa».

KVEN: Kristin Fjelde Tjelle ved Misjonshøgskolen i Stavanger

KVA: om maskuliniteten til mannlege misjonærer i Zululand 1870–1930

KORLEIS: har studert misjonærmenn i lys av kjønnteori og materiale frå Misjonsarkivet

AV JOHANNE LANDSVERK

Sterke, mjuke misjonærmenn



Misjonærene prøvde å omvende zulufolket i Sør-Afrika. Dette biletet er frå Madagaskar rundt 1893, der misjonsprest Johan Jørgen Broch Smith forkynner for innfødde. (Foto: Johan Jørgen Broch Smith / Misjonshøgskolen, Misjonsarkivet)

PROSJEKT: *Missionary masculinity: the case of the Norwegian Lutheran missionaries to the Zulus, 1870–1930*. INSTITUSJON: Misjonshøgskolen. FAGRETNING: misjonshistorie. FINANSIERING: Universitetsfondet i Stavanger. PUBLISERINGSFORM: doktoravhandling, artiklar. UUNNVERLEG VERKTØY: Misjonsarkivet. NY KUNNSKAP: Korleis norske mannlege misjonærer bygde opp ein misjonærmaskulinitet i ei tid der kristne menn vart framstilte som feminine.



– Ein misjonær skulle vere mjuk overfor Gud, men sterk overfor menneske, seier Kristin Fjelde Tjelle, her med misjonæren Karl Larsen Titlestad. (Foto: Hung Ngo)

– Mannlege misjonærar på 1800-talet måtte vere sterke, røffe og sjølvstendige. Men dette mannsidealet kom lett i konflikt med det tradisjonelle kristne idealet om å vere audmjuk, tolmodig, underdanig og oppofrande, seier Kristin Fjelde Tjelle ved Misjonshøgskolen i Stavanger. Ho står i ein korridor i kjellaren på Misjonshøgskolen og viser fram gamle portrett av misjonærmenn. I doktorgradsavhandlinga skriv Tjelle om misjonærmaskulinitet blant norske misjonærar som dreiv misjon blant zulufolket i det såkalla Zululand i Sør-Afrika, som i dag er den nordlege delen av provinsen KwaZulu-Natal.

– Med utgangspunkt i kjønns-teori har eg studert norske mannlege misjonærar som vart sende ut av Det norske Misjonsselskap (NMS) for å misjonere i Zululand i tidsrommet 1870–1930. Eg ville finne ut kva for type menn dei norske misjonærane var. Kva for maskuline ideal hadde dei? Eg har samanlikna misjonærmennene med andre mannsideal i samtida, og eg ville undersøkje korleis ein ideell misjonærmaskulinitet vart konstruert i NMS, og dei praktiske konsekvensane dette kunne få for misjonærane, seier Tjelle. I tillegg til å vere forskar vart ho i 2010 den første kvinnelege direktøren ved Misjonshøgskolen.

Måtte vere sterke

Ein av mennene Tjelle har forska nærare på, er Hans Paludan Smith Schreuder, som var den første misjonæren som vart send ut av NMS. I 1844 kom han til Natal i Sør-Afrika, som då hadde vorte ein britisk koloni. Målet var å misjonere blant zuluane i Zululand, som grensa til Natal, men Schreuder måtte vente i mange år før han fekk sleppe inn i landet for å misjonere.

– Schreuder er i alle bøker framstilt som ein stor og sterk mann, ein gigant som kjempa mot villdyr med berre hendene, som bygde hus og kyrkjer, og som var seig og uthaldande. Det var ei sterk forventning om at misjonærar som skulle klare seg på misjonsmarka, måtte vere sjølvstendige og fysisk sterke. Desse kvalitetane samsvarte med det vestlege mannsidealet om «the selfmade man», som fekk gjennomslag på 1840-talet etter framveksten av den industrielle revolusjonen. Misjonærane var på mange måtar «selfmade men» innanfor det religiøse.

Men dette idealet kolliderte med det kristne idealet om sjølvfornektning og verdsfornektning.

– Konklusjonen min er at den norske misjonærmaskuliniteten vart konstruert i spenninga mellom sjølvrealisering og sjølvfornektning. Ein misjonær skulle vere mjuk overfor Gud, men sterk overfor menneske, seier Tjelle.

Ikkje audmjuk nok

Denne konflikten vert godt synleg i historia om Christian Oftebro, ein av dei andre misjonærane Tjelle trekkjer fram i avhandlinga.

– Oftebro hadde vore sjømann før han kom til Sør-Afrika for å misjonere blant zuluane. Han var utdanna lege, men dreiv også jordbruk i stor stil, og han ville at misjonsstasjonen skulle verte ein sjølvfinansierande kristen koloni der zuluane skulle lærast opp til å drive med jordbruk. For å få inn pengar byrja han også med gullgraving. Det var ei form for siviliserings- og helseprosjekt, som vi i dag hadde kalla utviklingsarbeid, seier Tjelle.

Oftebro hadde mykje kontakt med britiske og amerikanske misjonærar som dreiv misjon på same måten, men verksemda hans førte til

stor debatt og konflikthar blant misjonærane.

– I Stavanger meinte dei at Oftebro hadde altfor stor påverknad på misjonærkollegiet og tenkinga på misjonsfeltet. Misjonærane skulle drive med evangelisering, ikkje sivilisering. Difor vart ein av leiarane i NMS send til Sør-Afrika for å avsetje Oftebro, og frå talarstolen på ein misjonskonferanse vart det kunngjort at han var oppsagd. Dette var ein stor tragedie for Oftebro, som vart sjuk og døydde fire månader seinare.

Tjelle meiner denne historia er eit godt døme på korleis idealet om sjølvrealisering og sjølvfornektning kunne kollidere.

– Oftebro levde på mange måtar opp til idealet om «the selfmade man», men vart skulda for ikkje å vere underdanig og audmjuk nok. Hendinga fortel også at desse mennene var fullstendig underlagde leiinga i misjonsselskapet.

Ein umandig mann

Tjelle har studert misjonærmaskulinitet i lys av ulike teoriar innan kjønnsforskning. Ho har blant anna vore oppteken av den svenske kjønnsforskaren Claes Ekenstam og teoriane hans om ei kontinuerlig spenning mellom mannlegdom og umannlegdom.

– Denne tenkinga er svært interessant, ikkje minst når det gjeld Oftebro, som vart presentert som ein umandig misjonær. Etter at han vart avsett, er han i alle rapportar til NMS framstilt som ein umandig mann. Dette maktmiddel går stadig att i historia: Om ein ønskjer å marginalisere innverknaden og makta til ein mann, vert han framstilt som umandig.

I arbeidet har Tjelle hatt tilgang til eit enormt kjeldemateriale i Misjonsarkivet (sjå undersak).

– Misjonsarkivet har eit utruleg spennande

arkivmateriale. Misjonærene måtte skrive rapportar frå konferansar og møte misjonærene hadde i lag. Desse rapportane er nesten stenografiske, slik at ein kan følgje med på debattane deira, seier Tjelle.

Ho har undersøkt rapportar, referat og brev som misjonærene skreiv til leiinga i Stavanger og til kvarandre. Eitt av breva er frå Karl Larsen Titlestad, som søkjer leiinga i NMS om å få lov til å gifte seg. Titlestad var trulova alt då han søkte opptak ved misjonsskolen, og difor er han uroa. Det var nemleg misjonsselskapet som bestemte om misjonærene fekk lov til å trulove seg eller inngå ekteskap.

– Kvinnene måtte vurderast nøye, for dei måtte vere sterke nok til eit liv på misjonsmarka.

Heltar for kristne menn

Dei fleste misjonærene kom frå landsbygda, dei var søner av bønder og handverkarar med berre

folkeskole som bakgrunn før dei kom til misjonsskolen for å utdanne seg til misjonsprest.

– Det var heilt nytt at ein kunne verte misjonsprest utan latineksamen og universitet. Som misjonær fekk ein høg status, så mange bondesøner gjorde ei gedigen klassereise.

Tjelle har også studert artiklar som misjonærene skreiv i *Norsk Missionstidende*, tidsskriftet til NMS.

– Her skreiv misjonærene om eksotiske og eventyrlege opplevingar på misjonsmarka. Misjonærene vart heltar og førebilete for store grupper av kristne menn, på same vis som Roald Amundsen og Fridtjof Nansen vart polarheltar i denne perioden.

Tidsepoken Tjelle har studert, er prega av ei omfattande kolonisering. Då britane okkuperte Zululand i 1879, hadde NMS drive misjon i landet i mange år. Men misjonærene strevde hardt for å få zuluane til å omvende seg, og særleg



Misjonær Shreders første brev frå Sør-Afrika til misjonsselskapet i Stavanger. (Foto: Hung Ngo)

Den norske misjonspresten Ommund Oftebro (nr. fire f.v. i andre rekkje) saman med kyrkjelyden sin i Eshowe, Sør-Afrika, 1892. (Kjelde: Misjonshøgskolen, Misjonsarkivet)



galdt dette mennene. Den første zulupresten vart ikkje ordinert før i 1893.

– Misjonæranne hadde ei ambivalent haldning til dei mannlege zuluane. Dei vart skildra som blodtørstige, valdelege og seksuelt grådige fordi dei praktiserte fleirkoneri. Samtidig var det på denne tida ein enorm fascinasjon for den stolte, motige krigaren. Mennene vart også sett på som late, fordi dei lét konene gjere jordbruksarbeidet. Denne framstillinga av afrikanske menn finn vi også igjen i dagens bistandsarbeid, seier Tjelle.

Sjølv om demokrati og likskap var viktige verdiar for misjonæranne, var det ikkje lett å gjennomføre dette i møte med zuluane i Sør-Afrika.

– Ikkje eingong zuluane som vart ordinerte til prestar, fekk same rang som dei kvite misjonæranne. Eit godt døme på dette er at kvite misjonærar og zuluprestar åt alle måltida kvar for seg.

Feminisert religion

Tjelle har samarbeidd med svenske forskarar som også har jobba med misjonærmaskulinitet. Men kva nytt har ho tilført?

– Historikarane har meint at framveksten av modernismen på slutten av 1800-talet førte til ei sekularisering, der den moderne mannen forlét religionen til fordel for vitskapen. Kvinnene vart verande i kyrkja, og dermed vart religionen knytt til det private og kvinnelege. Religionen vart feminisert. Men i prosjektet mitt har eg studert dei mennene som framleis var religiøse, og det var slett ikkje berre ei sekularisering som skjedde i vestlege samfunn, men også ei revitalisering av religiøse rørsler med kristne menn som leiarar.


–Svenske forskarar meiner at det parallelt med sekulariseringa blant vestlege menn gjekk føre seg ei remaskulinisering av religionen. Det voks fram fleire foreiningar for kristne menn,

Misjonshistorieprosjektet

Norwegian mission and cultural interaction in South Africa and Madagascar 1880–1960:

Eit samarbeidsprosjekt mellom misjonshistorie og antropologi ved Misjonshøgskolen i Stavanger og historie og lesevitenskap ved Universitetet i Stavanger. Doktoravhandlinga til Kristin Fjelde Tjelle om misjonærmaskulinitet er ein del av prosjektet.

som til dømes KFUM. Bidraget mitt til kjønnsforskninga er å finne ut korleis dei norske misjonærmennene bygde opp ein eigen maskulinitet i ei tid der kultureliten framstilte kristne menn som feminine. ■



Misjonsarkivet

På Misjonshøgskolen i Stavanger kan forskarane fordjupe seg i 1700 hyllemeter med arkivmateriale i Misjonsarkivet.

– Arkivet dokumenterer heile verksemda til Det Norske Misjonsselskap (NMS) i utland og innland heilt sidan NMS vart etablert i 1842. I tillegg til organisasjonsarkivet har vi personarkiv frå misjonærar og andre NMS-tilsette. Det eldste materialet er frå 1820, seier arkivleiar Gustav Steensland.

I arkivet er rapportar, referat, dagbøker og brev, og over 400 000 foto frå misjonshistoria.

Steensland fortel at berre to private arkiv i Noreg får driftsmidlar over statsbudsjettet: Misjonsarkivet og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark).




Gustav Steensland er arkivleiar for Misjonsarkivet.

Er **ditt** barn forsikret?



- Forskerforbundets barneforsikring er en av de mest omfattende du kan få kjøpt. Den dekker små og store skader, både ved sykdom, ulykke og uførhet. Det er viktig den dagen noe skjer!
- Medlemspris kun **kr 1 358** per år.
- Bestill i dag!



På tegnebrettet

Bildet viser «konstruksjonskontoret» ved Forsvarets Forskningsinstitutt (FFI) på Kjeller i 1957. Fra venstre: Gudmund Aanesland, Just Swendsen og Aina Mikalsen. Dette rommet lå i «fellesverkstedet», som var til for alle avdelingene ved FFI. Fellesverkstedet ble etablert i 1953, og behovet for å opprette et slikt verksted skrev seg ikke minst fra Terne-prosjektet, et anti-ubåt-våpensystem. Fellesverkstedet var også viktig i utviklingen av Penguin, en målsøkende rakett mot skip, et prosjekt som startet ved FFI i 1961.

Bildet, og alle opplysninger i denne teksten, er hentet fra heftet Fellesverkstedets utvikling 1953–2003, ett av 22 historiske hefter som FFI har laget om ulike prosjekter og temaer ved instituttet. Tidligere og nåværende medarbeidere har bidratt, og Erling Skogen er redaktør for heftene.

«I 1950- og 1960 årene var tegnebrett, passer, linjal, oppslagsverker, tabeller og formler det verktøy maskiningeniøren hadde til disposisjon for å løse sine oppgaver. Mye tid gikk med til rutinemessige arbeidsoperasjoner på bekostning av kreativt arbeid», heter det i heftet. Her framgår det videre at tegnebrettet gikk av bruk rundt 1990, da digitale verktøy for 3D-modellering overtok.

Foto: FFI

20 NØTTER

Fargar i titlar

- a) Kva for fargar gav namn til dei tre tantene i Elsa Beskows kjende barnebok?
- b) Kva slags farge fekk jula «without you», ifølgje Elvis Presley?
- c) Kven song, og var kjend som, *The man in black*?
- d) Kva for Spielberg-film fekk denne skodespelaren (sjå biletet) ein Oscar-nominasjon for?
- e) Kva er tittelen på Dag Solstads første roman, utgitt i 1969?

Britisk politikk

- a) Kven er leiar for regjeringspartiet Liberaldemokratane?
- b) Kva er det engelske namnet på parlamentskammeret som på norsk blir omsett med Underhuset?
- c) Kven var britisk statsminister ved utbrotet av andre verdskrig?
- d) Kva heitte den strengt religiøse politikaren og militærkommandanten som var med på å avrette kong Charles 1 i 1649 og gjere England til republikk?
- e) Kva heitte Tony Blairs berykta kommunikasjonsrådgivar og «spin doctor» gjennom ni år?

Med sportsbakgrunn

- a) Kva for idrett tok den seinare Tarzan-stjerna Johnny Weissmüller fem OL-gull i?
- b) Kva for idrett hadde Ap-politikar og NRK-sjef Einar Førde fleire NM-medaljar i?
- c) Kven var noregsmeister i sprint, surrealistisk forfattar, aksjespekulant og ikkje minst mesen for Edvard Munch?
- d) I kva for idrett var NRK-kommentator Dag Erik Pedersen aktiv på høgt nivå?
- e) Vinnie Jones har spelt i over 50 filmar, blant anna *Lock, Stock and Two Smoking Barrels* og *X-Men: The Last Stand*. Kva var han opphavleg kjend som?

Over elva

- a) Kva for sjølvopnemnd republikk aust for elva Dnestr er offisielt ein del av Moldova?
- b) I kva for norsk by kan ein krysse Gamle Bybro og komme til Bakklandet?
- c) Kva heiter elva som skil Noreg og Russland i Finnmark?
- d) Eit dansk og eit tysk hertugdømme var i over 1000 år skilde av elva Eideren. Kva for tysk delstat består i dag av desse to hertugdømma?
- e) Kva for elv utgjer grensa mellom USA og Mexico frå El Paso i Texas til Mexicogolfen?



Kva for Spielberg-film fekk ho ein Oscar-nominasjon for?

- a) Transnistria (eller Pridnestrovie)
- b) Trondheim
- c) Grense Jakobselv
- d) Schleswig-Holstein
- e) Rio Grande (eller Rio Bravo)

Over elva

- a) Nick Clegg
- b) House of Commons
- c) Neville Chamberlain
- d) Oliver Cromwell
- e) Alastair Campbell

Britisk politikk

- a) Symjning
- b) Friidrett (mellomdistanse)
- c) Rolf Stenersen
- d) Sykling
- e) Fotballspelar

Med sportsbakgrunn

- a) Grøn, brun og fiolett
- b) Blå (*Blue Christmas*)
- c) Johnny Cash
- d) *Purple Rain* (The Colour Purple)
- e) *Irre Grønt!*

Fargar

Svar:

10 KJAPPE



OLA STEDJE HANSERUD
Medlem nr. 40157638 i
Forskerforbundet
STILLING: Forsker ved Bioforsk
UTDANNING: Master of
science, Universitetet for
miljø- og biovitenskap (UMB)
FØRSTE JOBB: Monitoring
engineer i Kirkens nødhjelp
KARRIEREMÅL: Nå planlegger
jeg å starte opp en doktorgrad.
Etterpå er målet å være en god
og samfunnsnyttig forsker.

Tenker best på do

- Hva jobber du med akkurat nå?
- Jeg jobber mest med systemer for håndtering av avløpsvann, som best mulig utnytter og resirkulerer ressursene.
- Hvor tenker du best?
- På do. Og ellers får jeg en masse ideer gjennom foredrag, diskusjoner og ting jeg leser.
- Hva er den viktigste fagboken i ditt akademiske liv?
- Nå er det nok forurensningsforskriften og gjødselveforskriften.
- Hva er tabu i ditt fag?
- Avløpshåndtering er delt i to «fagleire»: sentraliserte og desentraliserte løsninger. Det å innrømme at den andre leiren har noen poenger, er nok nesten tabu.
- Hva skal til for å bli en god vann- og avløpsforsker?
- Du bør ha evnen til å se teknologibruk og ressursforvaltning også i en sosial og kulturell kontekst.
- Hvem er den beste læreren du har hatt?
- Arild Vatn, professor i økonomi ved UMB. Han er kritisk til fagstoffet, samtidig som han er en god formidler og veileder.
- Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?
- Kanskje noe i retning arealplanlegging eller dyrking av matvekster.
- Om du var statsråd for forskning og høyere utdanning, hvilket enkelttiltak ville ha vært viktigst for deg å få gjennomført?
- Jeg ville sett på hvordan de anvendte instituttene blir målt. Viktige oppgaver innen forvaltningsstøtte samt populærformidling blir i dag ikke anerkjent poengmessig.
- Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?
- Jeg var ennå ikke stemmeberettiget, men jeg var vel til og fra foran tv-skjermen.
- Hva vil du lese mer av i Forskerforum?
- Jeg liker å få innblikk i både andre stipendiater og forskeres arbeid og å høre hva som skjer utenfor landegrensene.

AV SIRI LINDSTAD

Kampen om forskingstida

Korleis er forskingstida fordelt ved institusjonen din? Eg er viss på at mange vitenskapleg tilsette ikkje kan svare på strak arm. Dei kan i så fall ha ein god grunn. Biletet er ikkje berre samansett, det er eit virvar. Det går fram av ei undersøking Forskerforbundet nyleg har gjort om fordeling av tid til forskning og utvikling (FoU).

Stutt om bakgrunnen: Fram til 2007 hadde universiteta og høgskulane ein sentral særavtale med Kunnskapsdepartementet. Denne regulerte løns- og arbeidsvilkår for vitenskapleg produksjon spele inn. Ved Universitetet i Nordland har nokre fag 50 prosent tid til forskning, andre ikkje. Ved Universitetet i Agder (UiA) varierer praksisen mellom fakultet og institutt. Minimumsdelen er 10 prosent, og for å få meir, vert publisering brukt som eitt av kriteria. Vidare kan ein få utvida forkingstid ut frå søking til spesielle prosjekt. Hausten 2010 hadde Forskerforum ei større sak om overgangen frå høgskule til universitet. UiA-fyrsteamanuensis Tom Eikebrokk, som òg er medlem av hovudstyret i Forskerforbundet, uttalte då: – Vi har faktisk fått det verre med omsyn til forkingstid.

Institusjonane har dei siste åra utforma ei rekkje særneigne og ikkje utan vidare innlysande ordningar for fordeling av forkingstid. No har Forskerforbundet skaffa eit oversyn over ordningane ved å spørje dei tilfritsvalde ved universitet, statlege og private vitenskaplege høgskular samt akkrediterte statlege og private høgskular. Forbundet har fått inn svar frå 46 av 51 institusjonar. Fråveret av ein nasjonal politikk er tydeleg. Her kjem ein ikkje langt med ein firefeltstabell. Institusjonane har eit lappeteppje av ordningar med sentrale eller individuelle avtalar. Mange av dei tillitsvalde har hatt problem med å få oversyn over prinsippa som gjeld ved eigen institusjon. Er til dømes prinsippa avtalefesta? Er praktiseringa i tråd med prinsippa, og konsekvent for heile institusjonen? Somme peikar på at fordelinga av FoU-tid kan variere ved ulike delar av institusjonen.

Kor mykje forskning publiserer du? Kva stillingskategori har du? Kva fag tilhøyrer du? Svara kan avgjere kor stor del av arbeidstida du kan bruke til forskning. Ved seks av universiteta skal det vere lik fordeling mellom forskning og under-

vising – dei fire gamle universiteta, Universitetet for miljø- og biovitenskap samt Universitetet i Stavanger (UiS). Men alt her tek det til å verte komplisert: Ved UiS er det *retningslinene* som til-

seier jamn fordeling. I praksis varierer kriteria for fordelinga mellom fakultet og institutt. Blant anna kan vitenskapleg produksjon spele inn. Ved Universitetet i Nordland har nokre fag 50 prosent tid til forskning, andre ikkje. Ved Universitetet i Agder (UiA) varierer praksisen mellom fakultet og institutt. Minimumsdelen er 10 prosent, og for å få meir, vert publisering brukt som eitt av kriteria. Vidare kan ein få utvida forkingstid ut frå søking til spesielle prosjekt. Hausten 2010 hadde Forskerforum ei større sak om overgangen frå høgskule til universitet. UiA-fyrsteamanuensis Tom Eikebrokk, som òg er medlem av hovudstyret i Forskerforbundet, uttalte då: – Vi har faktisk fått det verre med omsyn til forkingstid.

Universitetet i Tromsø er ein av mange institusjonar som fordeler etter stillingskategori. Til dømes har professorar, dosentar og fyrsteamanuensar 47,5 prosent FoU-tid, fyrstelektorane har 27,5 prosent og universitetslektorane 17,5 prosent. Ved dei vitenskaplege høgskulane, som til dømes Noregs handels-høgskule og Noregs veterinærhøgskule, er det vanleg at tilsette i professorat og fyrstestillingar har jamn fordeling av tid til forskning og undervisning.

Dei fleste høgskuletilsette har ikkje avtalefesta rett til FoU-tid, men fleirtalet av institusjonane har retningslinjer for fordeling. Ved høgskulane finn ein stor spennvidde i fordelinga. Avdelingar og institutt har ulike praksisar, som er meir eller mindre avtalefesta og bindande. Nokre stader ser ein knapt ut til å vere sikra eit minimum. Ein må søkje og få tildelt tid. Variasjonane tykkjast

å slå inn heilt ned på individnivå; der vanskelege avgjersler ligg i hendene på leiarar på ulike plan. Eg må leggje til ei situasjonsskildring eg elles finn slåande: FoU-tida er det som står att

når andre «meir presserande» oppgåver er utførde. Pluss kveldar og helger, sjølv sagt.

Kva kan ein lære av alt dette? Iallfall at forkingstida er eit knapt gode, som mange stader er under press. Nokre garva vitenskapleg tilsette har fått forverra

vilkår etter organisasjonsendringar dei siste åra. Fyrsteamanuensis Ingunn Alne Hoell ved Høgskolen i Stord/Haugesund tilhøyrer neste forskargenerasjon. I ei sak på side 7 oppsummerer ho: – Når ein kjem som nyutdanna med doktorgrad til ein høgskole, får ein gjerne 100 prosent undervisning. Det var eit sjokk å oppdage at eg ikkje fekk tid til FoU. Då er det ikkje enkelt å prøve å bygge opp ein forskarkarriere parallelt med undervisninga.

Ho føreslår at høgskular som konkurrerer om gode rekruttar kan bruke FoU-tid som trekkplaster. Då hamnar vi der vi ofte gjer, i påpeiking av stramme rammevilkår. At det kan løne seg å vere medviten om kva som står om FoU-tid ved underteikning av ein arbeidsavtale er iallfall eit godt tips. Elles er den enkelte i stor grad prisgjeven å få tak i egne midlar – internt eller eksternt – som kan utløyse tid og rett til å forske.

Til slutt vil eg slå til med noko meir lesarrettleiing og eigenreklame: Både praktiske og filosofiske sider ved å få tid og høve til å forske er handsama i hovudsaka i dette nummeret på side 12–17, men den har de vel alt lese.

I dette nummeret startar vi òg ein serie fram mot forskingsmeldinga som skal kome neste år. Dette dokumentet legg overordna føringar for forskingspolitikken i neste stortingsperiode. Fyrste sak handlar om innovasjon, og er å finne på side 4. Vi oppmodar interesserte til å lese og tipse om kva vi bør ta opp. Sei gjerne frå om de har synspunkt på kva som bør inn i meldinga, og debattinnlegg er velkomne.

Ja, det er bladet sitt. Ha god lesing, god FoU-tid og god seinvinter.

FoU-tida er det som står att når andre «meir presserande» oppgåver er utførde.



Redaktør
Kjetil A. Brottveit

Fråveret av ein nasjonal politikk er tydeleg.

LEDER KRONIKK DEBATT BØKER

Send kronikkforslag til kjetil.brottveit@forskerforum.no. Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom.

Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2 000,-. Innlegg må være maksimum 2000 tegn. De blir ikke honorert.

Kronikker og debattinnlegg legges også ut på Forskerforum.no.

Hva er god vitenskap?

Hva ledet til karakterfastsettelsen da psykologi- og psykiatrifagene ble evaluert? Størrelsen på forskergruppene og hvilket språk de publiserte på, spilte en diskutabelt stor rolle, mener kronikkforfatterne.

Vitenskap er en kreativ prosess som handler om å frembringe ideer og resonnementer, mens *forskning* omfatter datainnsamling, analyse og publisasjon. Vitenskap og forskning er vevd sammen, på ulike vis, i ulike fag. I noen fag er

man avhengig av store forskningsgrupper for empirisk å utforske en vitenskapelig idé. Men spørsmålet er om all psykologisk/psykiatrisk vitenskap er avhengig av store forskningsgrupper, og om vitenskapelig produksjon på norsk innen disse fagene er uten verdi.

I 2011 ble norsk psykologisk og psykiatrisk forskning evaluert av et internasjonalt ekspertpanel. Fagmiljøene laget først samlede oversikter over sine aktiviteter siden forrige evaluering, og etterpå møtte institutter og forskningsgruppeledere til samtaler med panelets eksperter.

Panel 6, *Psychology and Psychiatry*, vurderte 52 forskningsgrupper. NFR-evalueringen omfattet aspekter ved organisasjon/ledelse, vitenskapelig produksjon og kvalitet, ressurstilgang, opplæring, mobilitet, karriereveier og forskningssamarbeid. Rapporten ble offentliggjort 17. november

2011. Her fikk hver enkelt gruppe «karakter» og en kvalitativ omtale.

Vi ønsker å rette søkelys mot *hva som ledet til karakterfastsettelsen*. Vi forventet at vitenskapelig produksjon (artikler, bøker og bokkapitler) ville være den viktigste faktoren i denne vurderingen. Men NFR-rapporten oppgir også andre relevante kvantitative mål, som for eksempel gruppestørrelse og antallet vitenskapelige personer i ulike stillingskategorier.

Gruppene ble bedømt på en skala fra 1 (weak) til 9 (excellent). Rapporten skilte ikke mellom nivå 1- og nivå 2-publikasjoner. Det ble ikke gjort forskjell på bokkapitler og bøker (en kategori som derfor kan være meget vid). I tillegg var ikke alle data for alle forskningsgruppene like entydig rapportert. De kvalitative vurderingene panelet gjorde, er det ikke grunnlag for å tallfeste, og de faller derfor utenfor målsettingen for vår artikkel. Hensikten her er kun er å se om de kvantitative parametrene på gruppenivå spilte en rolle for karakterfastsettelsen (det er ikke tatt hensyn til forskjeller i bidrag fra medlemmer i enkeltgruppene).

Som Tabell 1 viser, finnes psykiatrisk og psykologisk forskning her til lands på alle kvalitetsnivåer fra 1-9, og fordelingen er normal. Karakteren for de evaluerte institusjonene varierer fra 3,4 til 6,0.

Som instituttledere ved Universitetet i Bergen (UiB) er vi særlig interessert i hvordan vår egen institusjon ble vurdert. Av de 16 gruppene fra UiB er 14 tilknyttet Det psykologiske fakultet (DPF). Når vi sammenligner disse 14 gruppene med de andre, finner vi ingen forskjell i karaktergjen-

nomsnittene, men DPF-gruppene er mindre målt i antall ansatte (10 vs. 19). DPF-gruppene publiserer like mange artikler (4,3 og 5,1) og like mange nasjonale artikler som gjennomsnittet for de andre institusjonene. I tillegg ble det fra DPF publisert like mange bokkapitler/bøker som for de andre institusjonene (1,4 vs. 1,3).

DPF-gruppene ble vurdert på hele skalaen fra 1 til 9. Figur 1 viser data fra de tre aktuelle psykologiske instituttene ved DPF; Institutt for biologisk og medisinsk psykologi (IBMP), Institutt for Klinisk Psykologi (IKP) og Institutt for samfunnspsykologi (ISP).

Det er få forskjeller mellom de tre instituttene; omtrent like stor publisasjon i internasjonale fagfellevurderte tidsskrifter og like stor produksjon av bøker og bokkapitler, men IKP har betydelig høyere produksjon av publikasjoner i nasjonale tidsskrifter pr. ansatt enn de to andre instituttene. Det er også stor forskjell på de tre instituttene når det gjelder gruppestørrelse og oppnådd karakter; IBMP har dobbelt så store forskningsgrupper som de to andre instituttene, og IBMP fikk høyest karakter. Dette tyder på at karakter er avhengig av forskningsgruppens størrelse.

Vi vurderte derfor hele materialet (alle de 54 forskningsgruppene i Panel 6) en gang til for å se på sammenhenger mellom karakter og de andre målene i rapporten. Det viste seg at det var en betydelig korrelasjon mellom gruppestørrelse og karakter (.49), og mellom antallet internasjonale publikasjoner pr. person og oppnådd karakter (også .49). Ingen av de andre målene hadde signifikante korrelasjoner med den tildelte karakteren.



PER EINAR BINDER, instituttleder ved Institutt for klinisk psykologi



AV SVEIN LARSEN, instituttleder ved Institutt for Samfunnspsykologi



HELGE NORDBY, instituttleder ved Institutt for Biologisk og Medisinsk Psykologi, alle ved UiB

«Det var en betydelig korrelasjon mellom gruppestørrelse og karakter.»



Vi gjorde derfor en regresjonsanalyse, hvor vi brukte de uavhengige målene *gruppestørrelse*, *internasjonale artikler pr. medlem i gruppen*, *norske artikler pr. medlem* og *bøker og bokkapitler pr. medlem i gruppen* for å studere i hvilken grad de spilte en rolle for den oppnådde karakteren. Det viste seg at det var to, og kun to, variabler (gruppestørrelse og antallet internasjonale publikasjoner pr. person) som signifikant predikerte karakterutfallet, og 57 prosent av karakteren ble forklart ved disse to variablene.

Oppsummert viser resultatene altså at det kun er gruppestørrelse og antallet internasjonale artikler pr. person som spiller en rolle for *kvaliteten* på forskningsgruppen uttrykt ved den gitte karakteren. Publisering på norsk og det å skrive bøker og bokkapitler er helt uten betydning.

Selvsagt fortjener de gode forskningsgruppene all heder og ros. Samtidig er det usikkert om alle grupper som er bedømt som mindre gode, har fortjent sin karakter. Vi antar at det kan foregå mye god vitenskap også i små miljøer; her kan man utvikle ideer, kreativitet og resonnementer, aktiviteter som gjerne er helt gratis og kan foregå i enerom eller sammen med andre over et glass eller en kopp kaffe. Forskning («research») er å gjøre disse ideene og tankene om til forskbare størrelser og å gjennomføre datainnsamling, analyser og publisering. Forskning er ikke gratis; det er kostbart. Vi har derfor mistanke om at det er forskning og ikke vitenskap som ble vurdert i den foreliggende rapporten fra Panel 6.

Det synes også å bli tatt for gitt at det å publisere på norsk har liten vitenskapelig verdi. Men det er i det minste tenkelig at praksisnære fag som hviler på norskspråklig kommunikasjon med ulike brukere, *også* trenger å utvikle et norsk fagspråk, og det er også tenkelig at lokale faglige diskusjoner trenger å bli tilført forskningsbidrag. I tillegg er det vår erfaring at det finnes norskspråklige tidsskrifter med

strengt fagfelleprosesser. Selv om vi mener at en universitetsforsker både bør og skal publisere internasjonalt, fremstår det som bemerkelsesverdig når norskspråklig publisering i den foreliggende rapporten blir vurdert nærmest ekvivalent med ikke-forskning. Dette er i realiteten å inn ta et forskningspolitisk standpunkt med vidtrekkende konsekvenser.

En samlet presse har presentert forskningsrådsevalueringen som at norsk forskning har fått «karakterene» sine, uten at vi har sporet


nevneverdig problematisering av premissene for karaktersettingen. Det er sunt fra tid til annen å bli vurdert utenfra, og selvsagt har våre forskningsfelt et stort forbedringspotensial, men vi er usikre på om de kriteriene som påviselig var grunnlaget for karakterfastsettelsen, kaster lys over hvor dette potensialet ligger. Dersom kvalitet er mengde, teller størrelsen. Hvis ikke er tiden kanskje moden for en debatt om kvalitet i vitenskap og forskning basert på verdier.

Tabell 1: Karakterer og institusjoner

	Weak	Weak to fair	Fair	Fair to Good	Good	Good to very good	Very good	Very good to excellent	Excellent	Snitt
UiB	2	1	3	2	2	2	3	0	1	4,6
NTNU	2	0	1	3	2	0	0	0	0	3,4
UiO	0	0	3	2	5	1	2	0	2	5,3
UiT	0	0	1	1	3	1	0	0	0	4,7
Andre	0	0	0	1	1	3	1	1	0	6,0
Total	4	1	8	9	13	7	6	1	3	4,8

Kategorien «Andre» omfatter institusjoner utenfor universitetene.

Figur 1: De tre aktuelle psykologiske instituttene ved UiB



Nasjonal kosmopolitt

Presist om vitenskapleg praksis.


Historikarfaget er, synest det for meg, ved sida av litteraturvitenskapen den norske disiplinen som har den største førekomsten av skribentar med ein leseverdig, velformulert sakprosa. Kva grunnen kan vere, er ikkje godt å seie. Den språklege gullstandarden Jens Arup Seip sette, gjer nok sitt. Men kanskje er det nettopp den språklege omarbeidinga av språkleg materiale – som dei deler med litteraturvitarane – som skapar eit større språkleg register enn hos skribentar i mange andre disiplinar?

Professor Anne Kristine Børresens bok om professor Johan H.L. Vogt gjer ikkje skam på historikarlaug. Frå første setning vert Vogt – grunnleggjaren av den fysikalsk-kjemiske petrologien innafør geologien, først med sete ved Universitetet i Oslo, deretter ved NTH – portrettert med fin språkleg strek, som står godt til bileta og teikningane som elles pregar boka.

Forteljargrepet er konvensjonelt historiebiografisk – kronologisk og vidsynt. Kronologien styrer forteljinga frå fødselen i 1858, gjennom oppveksten som legeson i Tvedestrand, med røter i embetsstanden, gjennom studieår og professorgjerning, fram til han døydd som emeritus i 1932, 74 år gammal. Vidsynet viser seg gjennom skildringane av særdraga ved dei institusjonane Vogt vart prega av. Skuletida var omkransa av lov om almueskoler, gymnasåra av realartiumen sitt gjennombrøt, universitetsåra av særdraga ved Det Kgl. Fredriks Universitet og etableringa av NTH. Vogts rolle som konsulent for industrien var omkransa av breiare utviklingstrekk i bergverksindustrien og dobbeltrolla som industri- og vitenskapsbyggjar av dei politiske stridane om nasjonal eigarskap og universitetspolitikk – dei sistnemnde i ei tid då professorstilsetjingar var stortingspolitikk.

Eit av særmerka ved boka er den detaljerte skildringa av vitenskapleg praksis, tynnslipsmikroskopering, slaggstudier, pendlinga mellom laboratorium, og feltarbeid – dei sistnemnde gjerne for NGU i arbeidande sommarferiar –

ved nordnorske marmorleie, jernmalmen i Dunderdalen. Pendlinga mellom teori og praksis, men også det tette sambandet mellom dei, og dermed synleggjeringa av det vitenskaplege støtteapparatet, som vaktmeisteren si sentrale rolle i laboratoriet, er skildra. I tillegg



får vi høyre om pendlinga mellom inn- og utland, opphald ved Stockholms Högskola, Bergakademiet i Freiburg og på internasjonale konferansar og om pendlinga mellom vitenskap, teknologi og industribygging. Vitenskaparen Vogt (Børresens ord) var akademisk kosmopolitt og industriell nasjonalist: Kunnskapen vart utvikla og spreidd i eit internasjonalt nettverk av vitenskapsmenn, men bruken av han hadde eit nasjonsbyggjande føremål.

Eit anna særmerke er merksemda ho gjev familiemannen Vogt. Tilhøvet til kone og barn er formidla gjennom brev og skildringar av den sosiale strukturen i embetsmannsfamilien. Hustrua Abigail sitt arbeid – sylting, safting, administrasjon av kokke- og stuejenter – får ein sentral plass, likeins diskusjonar i kvinnebladet *Husmoderen*. *Tidsskrift for hus og hjem*.

Kva grunngev så valet av familien som analyseobjekt i eit studium av ein mann som først og fremst er

kjend og analytisk interessant fordi han lekamleggjer relasjonen mellom naturvitenskaplege og industrielle endringsprosessar? Sluttkapitlet gjev eit svar: Heimen var ein økonomisk, vitenskapleg og kulturell ressurs i karrieren, ikkje berre oppvekstfamilien, men også den han stifta og levde i. Er grunngevinga for det siste haldbar? Tja. For biografien til og om akkurat denne mannen: Ja. For analysen av det han fekk til som offentlig person: Neppe. Svaret på det kontrafaktiske spørsmålet – kunne den same Vogt klart det same utan å ha stifta familie? – er truleg, for ein gongs skuld, eintydig.

Den samfunnsteorietiske relevansen til dette faghistoriske bidraget er indirekte. Boka tek ikkje opp breiare teoretiske problemstillingar, men materialet ligg der, ferdig analysert, på eit detaljert og presist nivå for den som skulle ha slike interesser.

Børresen har teikna eit fint portrett av eit liv som er samanhengande i så mange tydingar av ordet. Det får meg til å tenkje på kontrasten til Arthur Omres splintr liv, skildra i ein av dei beste norske biografiane eg har lese, Espen Søbys *Ingen vei hjem*, og på det samanhengande narrativet som dominerer biografisjangeren. Ikkje ein gong splintr liv vert gripne i eit splintr språk. Som turist og forskar i Paris vanka Vogt på Café de la Régence, også ein stamstad for samtidige som Edvard Munch, Knut Hamsun og Arne Garborg – alle prega av Nietzsche, apologeten og forløyaren for samantvisting av den samanhengande forteljinga.

I relasjonen til desse to områda, dei samfunnsteorietiske og litterære utviklingslinene dei siste hundreåra, er den historiefaglege kontinuiteten boka står i, mest slåande. Vogt ville nok lese boka med interesse, nikka her og der, smilt av ettertida sin dom, kanskje opponert her og der – men forstått klart kva han opponerte mot. Så også med Ernst Sars. Børresen høyrer til ved Vogts og Sars bord – ikkje hos dei andre. Men det er ei anna skål.

AV ODDGEIR OSLAND

Vesentlige mangler

THOMAS UGELVIK OG
IVER B. NEUMANN (red.)
*Mat/Viten. Tekster fra
kunnskapens kjøkken*
Universitetsforlaget, 2012
238 sider
Veil. pris: kr 309



Jeg merker det underveis, at det er noe merkelig med denne boka om mat. Kanskje er det bare omslaget, tenker jeg, siden bildet av frukt og grønt-mannen til Arcimboldo (du vet, han med bokstavelig talt pærenese og eplekinn) kjennes noe datert, selv om det er ment humoristisk. Men det er ikke her hunden er begravd.

Det er heller ikke tematikken i de ni artiklene i seg selv. Noen av dem er riktignok noe forutsigbare, men andre er svært interessante og tidvis originale. Etter en kort introduksjon fra redaktørene går vi tilbake i historien til steinalderens kosthold. Vi bringes derfra til det rotnorske, og siden til det skjønnlitterære, matbordet. Så er turen kommet til Runar Døving. Han beskriver hvordan vårt syn på *sauen* endrer karakter og navn avhengig av hvor nært den befinner seg gapene våre. Vel og bra! Fine og poengterte er også artiklene om fengselsmat og strategisk diplomatmat. Et av høydepunktene er etter min mening Knut Stene-Johansens kobling av mat til Freud, sanselighet og begjær. Lekent og drivende skrevet. Til slutt får to romankarakterer anmelde herligheten, etter Hylland Eriksens analyser av oppvasken. Det er ryddig, velstelt og dannet.

Men er det ikke en del temaer som mangler? Hvor er artikkelen om kontroll over matspisingen, eller sykdommer knyttet til mat? Hvor er artikkelen om matmangel, sult og grunnleggende skjevfordeling i en global målestokk? Hvor er artikkelen om matvareindustrien, pengestrømmene og mat som kastes? Disse perspektivene er marginalisert eller utelatt i boken. Universitetsforlaget har altså valgt å utgi en artikkelsamling om *mat/viten* der forskere og forfattere gir sine analyser rundt temaer som vil favne bredt i tid og rom, nesten blottet for perspektiver som oppo-nerer mot mainstream.

Matstoff er for lengst blitt salgbare vare. Det selges blant annet av TV-kokker, matspaltister og restaurantermeldere. Det kan synes som om det er denne trenden artikkelforfatterne har kastet seg på. Inntrykket forsterkes ytterligere av at det utelukkende er mannlige bidragsytere. Eller, vent litt, det er faktisk én kvinne. Den fiktive skikkelsen *Cordelia Emerson*. Hun er skapt av forfatter John Erik Riley, og har til og med fått navnet sitt på bokomslaget. Det har hun derimot ikke fått i innholdsfortegnelsen eller i forfatteroversikten inni boka. Har noen oppdaget den bedrøvelige kjønnsbalansen litt for sent i trykkeprosessen?

Det er ikke nytt at også akademia styres av trender, eller at kunnskapsformidling påvirkes av generell samfunnsinteresse. Det er dessuten utelukkende av det gode at menn inntar kjøkkenet. Ikke desto mindre: Når menn alene skal ha definisjonsmakten når kunnskapen om mat skal skrives, gir det et lite troverdig bilde av saksfeltet. Skal man først gi akademias tilsnitt til trendene, bør man skaffe seg nødvendig bredde i kompetanse og erfaring, særlig når man inkluderer ord som *viten* og *kunnskap* i bokens tittel. Ellers blir det bare merkelig.

AV RAGNHILD FJELLRO

Fagleg nullpunkt

LISBETH F. HOLTER BRUDAL
Om bevissthet. Psykologi, mindfulness, science fiction, nær-døden-erfaringer, kosmisk bevissthet.
Fagbokforlaget, 2012
240 sider
Veil. pris: kr 349



Om bevissthet handlar om medvitstilstandar som går utover dei normalvitenskapen anerkjenner som verkelege, til dømes nær-døden-opplevingar. Boka er teoretisk og metodisk syltynn, og tolkingane djupt spekulative.

Holter Brudal tek for seg det ho kallar «endrede bevissthetstilstander» som (ifølgje henne) kan oppstå hjå astronautar på måneferd, hjå folk som er under hypnose, hjå kvinner under og etter ein fødsel, og ikkje minst hjå folk som er like ved å dø, men som overlever.

Ho seier at det trengst holistiske forklaringsmodellar for å forstå endra medvitstilstandar. «Vi er noe mer enn tallene blodtryksmåleren viser oss. Ja – hva mer er vi? Er vi en del av en global og planetarisk bevissthet?» Svaret hennar er ja. Ho meiner moderne

menneske er så fragmenterte at me i liten grad anerkjenner dette, og alt kjem av det mekanistiske verdsbiletet til Isaac Newton.

Ho grunnlegg ikkje denne fundamentale kritikken av moderne rasjonalitet. Også teoriar som støttar opp under den alternative forståinga hennar av medvit, vert behandla med harelabb. Blant anna vert Husserls fenomenologi brukt til støtte for at folk kan ha intuitive forståingar av eit fenomen, men utan at denne komplekse teorien vert forklart.

Hjerneforskning vert brukt like overflattisk. Ho skriv at «evnen til å leve seg inn i et annet menneskes sinn er forankret i et spesielt område i hjernen: speilnevronene», og det er faktisk alt ho har å seia om saka. Det verkar ikkje som ho skjønner at påstandane krev grundig underbygging fordi dei er kontroversielle og komplekse. Dette er ytst kritikkverdig. Ho har trass i alt doktorgrad frå Det medisinske fakultet ved Universitetet i Oslo, og vert framstilt som ein erfaren forskar.

Når ho bruker vitskaplege kjelder, tek ho dei alltid til inntekt for sitt eige syn. Ho siterer frå ei russisk undersøkning av endra medvit hjå kvinner som nettopp har født, og fortel at 12,9 prosent svarte bekreftande på påstanden «I felt an almost 'telepathic' contact with my

child». Det er talande at det kritiske blikket hennar på metoden dreier seg om at det kan vera ei underrapportering av positive svar, men ikkje at spørsmåla er leiande, og at kvinnene som svarer, nettopp har født og kanskje ikkje orkar å tenkja så nøye over kva ein forskar spør om.

Ho diskuterer moglege motforestillinger mot folks forteljingar om nær døden-opplevingar, men det viser seg ikkje overraskande at ho avviser dei alle saman. Holter Brudal har ingen sunn skepsis til dei fenomena ho undersøker, motiva til forskarane ho siterer, eller relevansen av eksempla ho bruker.

Boka er spekka med populærkulturelle referansar som liksom dokumenterer den tidlause erfaringa av alternative medvitstilstandar. Slageren «Fly me to the moon» vert brukt som dokumentasjon på lengselen etter ei ny verkelegheitserfaring. Populariteten til science fiction-filmar som *E.T.* og *Star Wars* vert brukt som belegg for det same.

Medan eg les, får eg heile tida assosiasjonar til skrivestilen i *Det Beste* på 1970-talet. Det er skuffande at Fagbokforlaget gjev ut ei bok som er så fagleg svak.

AV LARS NYRE

Nye bøker av forskere

THOMAS HYLLAND ERIKSEN
OG DAG O. HESSEN
På stedet løp
Aschehoug, 2012
256 sider
Veil. pris: kr 369

I den biologiske evolusjonen må alle individer være i konstant utvikling. Alle andre utvikler seg, og dermed må en forbedre sine ytelser bare for å bli stående på stedet hvil. Dette prinsippet gjelder ikke bare i naturen, men ifølge denne boka også i markedet, idretten og sosiale relasjoner. Hylland Eriksen er professor i sosialantropologi, mens Hessen er professor i biologi, begge ved Universitetet i Oslo.

ELEF NESHEIM
De heftige årene. Norsk modernisme 1956–68
Unipub, 2012
120 sider
Veil. pris: kr 249

Modernistisk musikk av komponister som Stravinskij og Bartók ble nesten ikke framført i Norge før slutten av 1950-tallet. Da åpnet slusene seg, og konflikten mellom tradisjonister og modernister i Norge økte i intensitet. Forfatteren beskriver denne musikkhistoriske perioden og gir samtidig eksempler fra litteratur, teater og bildekunst. Nesheim er professor i musikkhistorie ved Norges musikkhøgskole.

CORA ALEXA DØVING OG
BERIT THORBJØRNSRUD (red.)
Religøse ledere. Makt og avmakt i norske trossamfunn
Universitetsforlaget, 2012
248 sider
Veil. pris: kr 329

Hvor mektige er islamske imamer og katolske prester i dagens Norge? I denne boken analyserer forfatterne religiøse lederes maktposisjoner i ulike trossamfunn – blant andre Den norske kirke, pinsebevegelsen, sunni- og sjiamenigheter. Døving er forsker ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter. Thorbjørnsrud er førsteamanuensis ved Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Universitetet i Oslo.

THOR BJØRN ARLOV
Den rette mann. Historien om Sysselmannen på Svalbard
Tapir forlag, 2011
446 sider
Veil. pris: kr 400

Da Norge overtok suvereniteten over Svalbard i 1925, ble det samtidig innført en egen administrasjonsordning for øygruppa. Sysselmannen har samme myndighet som en fylkesmann, men er samtidig politimester og har rettslige funksjoner. Boka følger sysselmanuskontoret fra starten og fram til i dag. Thor Bjørn Arlov er førsteamanuensis II i historie ved Universitetsenteret på Svalbard.

Topp og bredde

HØGSKOLEFORSKNING: Jeg likte hovedoppslaget i siste utgave av Forskerforum, «Distriktpolitiske høgskolar». Det var en interessant artikkel om et viktig tema. Jeg synes også min arbeidsplass, Høgskolen i Lillehammer (HiL), ble presentert godt og fint! Derimot mener jeg at måten artikkelen inviterer til å diskutere spørsmålet om hvor forskning skal finne sted, på, ikke er heldig.

